

SAMAN forandrar VI VERDA

AvtaleGiro

Kontonr: 8220 02 85057

EG VIL BLI FAST GIVAR TIL NMS
via Avtalegiro

Eg ønskjer å gi kroner (per månad):

300,- 500,- 1000,- Anna beløp _____

Eg ønskjer at gåva skal godskrivast denne kyrkjelyden:

Belast mitt kontonummer:

Personnummer: (Fyll ut om du ønskjer skattefrådrag)

KID-nummer: (Vert fylt ut av NMS)

NAVN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR: _____ POSTSTAD: _____

E-POST: _____

MOBIL: _____

STAD/DATO: _____

UNDERSKRIFT: _____

SEND KUPONGEN TIL:
NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER

For ENKELTGÅVER kan du bruke konto 8220 02 85057.
Merk gåva med JAPAN.



Hjarteleg
TAKK 
nms.no/gi

VÅR KYRKJELYD HAR MISJONSAVTALE I

JAPAN



DELER TRUA
PÅ JESUS



UTRYDDAR
FATTIGDOM



KJEMPAR
MOT URETT

Kva er vi med på i Japan?

Japan er eit vakkert land med ein rik kultur med røter i shintoisme og buddhisme. Vulkaniske fjell og skog dekker over 80 % av landet, og her bur 21 gonger så mange menneske som i Norge.

STARTEN

Dei første NMS-misjonærane kom til Japan i 1950, som følgje av utvandring frå Kina - då landet blei stengt for misjonsverksemd. Misjonærane møtte eit land som praktisk talt låg i ruinar etter krigen, og mange var på leiting etter nye verdiar å bygge livet sitt på.

SAMARBEID

Samarbeidspartnaren til NMS i Japan er Kinki evangelisk-lutherske kyrkje (KELC) og saman arbeider vi for å dele trua på Jesus gjennom lokale kyrkjelydar. I tillegg er vi med på å støtte utdanning av medlemer i KELC som ønskjer å gå inn i teneste for kyrkja.

KYRKJA

Japan er eit av landa i verda med færrest kristne i forhold til folketetalet,

og ein møter store utfordringar når kristen tru vert forkjent. Dette er delvis på grunn av at folk er rotfest i dei tradisjonelle religionane, og delvis på grunn av rikdom, materialisme og travle kvardagar.

Det japanske samfunnet har og eit sterkt fokus rundt konformitet, dvs. ønskje om at alle skal være mest mogleg like når det gjeld meningar, haldningar og framferd. Noko som i mange tilfelle fører til utanforsk og einsem.

DIAKONI

Kyrkja arbeider blant anna med å utvikle si diakonale identitet gjennom kurs og utdanning av både tilsette og frivillige i kyrkjelydane, då diakoni er eit nytt og ukjend omgrep blant folk.

Kyrkja ønskjer å skape diakonale og sosiale møtepunkt gjennom arbeidet sitt, slik at personar som føler seg stressa, utstøytt eller bunden i religiøse mønstre kan kjenne seg velkommen inn til kyrkja. Då kan kyrkja være ein plass der dei finn fred og fellesskap.

Oppfylging frå NMS

Nettside: Kyrkjelyden har si eiga side på nms.no: nms.no/finndinmenighet
Her er historier og informasjon frå Kina og Hongkong, oversikt over kor mykje kyrkjelyden har gitt dette året m.m.

Nyhendebrief: Ny informasjon kjem på e-post tre gonger i året.

Besök: Ynskjer kyrkjelyden besök frå NMS? Ta kontakt!

Kontaktinformasjon

E-post: menighet@nms.no - Telefon: 51 51 61 00 (NMS infosenter)

Postadresse: NMS, Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger



FOTO: MARIT MØLSENESET, RUTTERESE KRINGSTAD FJELL, UNSPLASH.

FAKTA OM JAPAN

Innbyggjartall: 127 mill.

Religion: 92 % shintoisme og buddhisme, 1,5 % kristendom

Næringsvegar: Ein av dei viktigaste og største økonomiar i verda, og ein av verdas leiande nasjonar innan elektronikk og IT.

Levekår: Levestandarden i Japan er høg. Forbetringane som er kome som følgje av økonomisk vekst, er ganske jamt fordelt.

Styreform: Konstitusjonelt monarki

KILDE: WWW.FN.NO

